



Vår dato:

09.03.2021

Vår ref:

2021/965

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Luster kommune
Postboks 77
6866 GAUPNE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Luster kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Luster kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 71/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

Kommunen budsjetterer med låge netto driftsresultat i planperioden. Kommunen har likevel god beteningsevne og finansierer deler av investeringane med avsette midlar/eigenfinansiering.

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, men er og klar på utfordringane som kan ligge i at ein stor del av inntektene kjem frå kraftproduksjon. Førre år viser at økonomien kan komme under press grunna forhold som kommunen ikkje sjølv rår over.

Budsjett 2021

Budsjettet er i balanse men har eit negativt netto driftsresultat på 1,3 mill. kroner. Dette tilsvrar minus 0,2 prosent av brutto driftsinntekter, som utgjer om lag 562 mill. kroner. Det er nytta fond til å dekke inn underskotet.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) ligg noko lågare samanlikna med KS prognosemodell etter statsbudsjettet. Grunna usikkerheit knytt til Covid-19 har kommunen justert anslaga ned.



Sum investeringar i anleggsmidlar utgjer om lag 69 mill. kroner. Nye låneopptak til finansiering av desse utgjer 29,7 mill. kroner. I alt 10 mill. kroner av investeringane er knytt til vatn, avlaup og renovasjon (VAR), og 5 mill. kroner er til vidare utlån.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for perioden 2022 – 24 utgjer 0,2 prosent i 2022 og 0,1 prosent dei to siste åra i perioden. Overskota er planlagt avsett til fond og utgjer samla om lag 1,6 mill. kroner.

Overføringer til tenesteeiningane viser om lag same nivå i planperioden, sett bort frå prisstigning og aktivitetsnivå. Inntektene frå kraftproduksjon er budsjettert ned, og avdragsutgiftene er auka i planperioden. Det er budsjettert med eit lågt rentenivå heile perioden, og både renteinntekter og renteutgifter er redusert samanlikna med 2019 og 2020.

Sum investeringar for heile perioden utgjer om lag 265 mill. kroner og 40 mill. kroner av desse er investeringar i VAR. Samla låneopptak utgjer omlag 139 mill. kroner. Dette inneber at langsiktig gjeld i prosent av brutto inntekter aukar utover i perioden. I 2019 utgjorde dette om lag 92 prosent, noko som tilsvavar om lag 539 mill. kroner i langsiktig gjeld. I budsjett dokumentet er det oppgjeve netto lånegjeld, som aukar frå 72,3 til 75,5 prosent. Dei største investeringane er til barnehagar, bustadfelt, anlegg og VAR.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- netto driftsresultat på mellom 1,75 til 2,5 prosent
- langsiktig gjeld skal utgjere mellom 70 og 80 prosent
- frie driftsfond/disposisjonsfond bør minimum utgjere 10 prosent av brutto driftsinntekter.

Statsforvaltarens vurderingar

Kommunen budsjetterer i samsvar med prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet. Inntektene frå mellom anna kraftproduksjon er reduserte siste åra, men kommunen har framleis ein solid økonomi og god handlefridom.

Kommunestyret har vedteke måltal som ligg over anbefalt nivå frå TBU (Teknisk berekningsutval). Dei frie inntektene for Luster ligg også godt over snittet for landet. Det er teke høgde for ekstra utgifter som følgje av investeringane som er planlagde. I planperioden er langsiktig gjeld (netto lånegjeld) og disposisjonsfond i samsvar med dei finansielle måltala. Vi ber igjen om at kommunen tek inn i budsjett dokumenta ein tabell i samsvar med § 5-7 i forskrifta, og årleg utvikling i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i perioden.



Netto driftsresultat har gått ned frå 5 prosent i 2019 til minus 0,2 i 2021 og ligg soleis godt under måltalet på 1,75 prosent også for resten av perioden. Kommunen prioritærer å halde tenestenivået på same nivået, og nyttar disposisjonsfond til å balansere budsjettet. Sidan ein ligg godt over måltalet på frie fond, kan dette forsvarast.

Folketalet har gått noko ned dei siste åra, og demografien viser at dei største endringane kjem i dei eldre årsklassane.

Budsjett- og økonomiplandokumenta er oversiktlege og gode plan- og styringsdokument. Det er bra at overordna mål og utviklingsoppgåver er definerte for kvart tenesteområde.

Det er òg flott at kommunen har utarbeidd sitt første klimabudsjett for perioden, og at dette er vorte ein integrert del av dei ordinære budsjett- og plandokumenta.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. Statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
direktør kommunalavdeling

Dokumentet er elektronisk godkjent